
Saksnr: 2020/309-2
Saksbehandlar: Hanne Marthe Espe, Svein Hågård, Britt Karen Spjeld

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering | | 25.11.2020 |
| Fylkesutvalet | | 26.11.2020 |
| Fylkestinget | | 15.12.2021 |

Idrettsklynge Vest

Forslag til Innstilling

1. Vestland fylkeskommune går inn som aksjonær i Idrettsklynge Vest AS
2. Fylkestinget godkjenner styringsgruppa i Idrettsklynge Vest sitt framlegg til samarbeidsavtale gjeldande frå 15.1.2021.
3. Fylkestinget godkjenner framlegget til vedtekter for selskapet.
4. Fylkestinget stiller seg bak forslag til finansieringsmodell for 2021. VLFK bidreg med kr 800.000 over budsjett frå post 460.104 og fylkeskommunen sin del av aksjekapitalen i selskapet. Eventuelt økonomisk bidrag etter 2021, vert lagt til grunn dekkja innanfor sektoren sitt budsjett.

Samandrag

Idrettsklynge Vest (IKV) skal styrke samhandlinga kring arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Vestland gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling og -formidling. Visjonen er «styrke i samspel». Aktørane i samarbeidet er Vestland fylkeskommune, Vestland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, Bergen kommune, Helse Bergen, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet og Sportsklubben Brann.

Samarbeidet starta med ei bestilling frå Hordaland fylkesting i desember 2015 og sidan har det vore godt forankra i Hordaland fylkeskommunen med fylkesordførar som styreleiar i styringsgruppa. I januar 2017 vart det signert ein samarbeidsavtale mellom partane. Namnet vart Idrettscampus Bergen og 10 felles samfunnsutfordringar vart utpeika som innsatsområde. Idrettscampus Bergen har gode resultat å vise til og gitt synergieffektar ut over det som var forventa. Det er trong for å løfte prosjektet vidare, og styringsgruppa vedtok 30.10.2020 framlegg til endringar i både namn, organisering og finansiering. Styringsgruppa tilrår vidareføring av samarbeidet gjennom oppretting av ideelt AS og finansieringsmodell.

Forslaget er at samarbeidet skal takast vidare i Idrettsklynge Vest og at Vestland fylkeskommune skal gå inn som aksjonær i dette selskapet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Idrettsklynge Vest AS - samarbeidsavtale
30.10.2020
- 2 Finansieringsmodell ICB 2021
- 3 Referat frå styringsgruppemøte 30.10.2020
- 4 Vedtekter
- 5 Resultat av samhandling i Idrettscampus Bergen

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 8. - 9. desember 2015 å løyve midlar til planlegging av eit «Campus Bergen» etter modell frå Sogndal for å få eit kompetansesenter der ein samlar idrett, kompetanse, næringsliv, toppidrett, og utdanning. Idrettscampus Bergen vart samansett av desse åtte aktørane: Vestland fylkeskommune, Vestland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, Bergen kommune, Helse Bergen, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet og Sportsklubben Brann.

Samarbeidet i Idrettscampus Bergen er forankra i Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025 og Anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024.

I etableringsåret 2016 vart aktørane samordna gjennom å utarbeide først eit mogleighetsstudie, og seinare eit felles strategidokument for samarbeidet. Frå januar 2017 har samarbeidet vore regulert gjennom ein samarbeidsavtale mellom aktørane.

Målsetting

Visjonen for samarbeidet er Styrke i samspel. Føremålet med Idrettsklynge Vest er å gje eit løft for idrett og fysisk aktivitet i Vestland, ved å etablere møteplassar der kvalitet, kunnskapsformidling og utvikling er i fokus. Samarbeidet skapar innovasjon på tvers, meir midlar gjennom felles søknader og auka kompetanse gjennom nettverk og fellesprosjekt.

Døme på nokre av prosjekta som har vore verdiskapande i Idrettscampus Bergen:

- Kroppsøvningsprosjektet - tilrettelegging for deltaking i, og gjennomføring av, kroppsøvningsfaget på vidaregåande skular med mål om at fleire elevar skal få godkjent vitnemål (Os-prosjektet, gjennom Knutepunktet i ICB)
- «[Aktive Gamere](#)» - samarbeid om strategiar, kompetanse og utvikling av e-sport og gaming i topp og breidde i Vestland.
- «[Trygge utøvere](#)» - satsing på tilrettelegging av aktivitet for barn og ungdom med usynlege behov.
- Arrangementskompetanse - nettverk og samarbeid for å styrke Vestland og Bergen som arrangør for lokale, regionale, nasjonale og internasjonale meisterskap

Idrettscampus Bergen legg til rette for å løyse utfordringar som ligg innafor alle organisasjonane sitt ansvarsområde, men som ikkje kan løysast på ein optimal måte i ein organisasjon åleine. Dei viktigaste resultatane av samhandlinga for den enkelte aktør i Idrettscampus Bergen, er summert i ein vedlagt presentasjon.

Namnbyte

Bakgrunnen for å endre namnet til Idrettsklynge Vest er at det speglar betre føremålet og korleis aktørane samhandlar. Fleire av aktørane har heile Vestland som verkeområde og delprosjekta involverer større delar av fylket. Ved bruk av campusomgrepet har enkelte assosiert dette med eit fysisk bygg, og det er det ikkje aktuelt å etablere. Idrettsklynge Vest har ambisjonar om å vere ein relevant samarbeidspart for heile Vestland og setje nasjonal dagsorden innan idrett, fysisk aktivitet og folkehelse.

Organisering

Allereie i starten av samhandlinga var det ei semje mellom aktørane at samarbeidsavtalen var ein første fase. Dei to siste åra er det arbeidd for å skape ein meir berekraftig organisering og finansiering. Som del av prosessen har styringsgruppa engasjert PwC til å utarbeide framlegg til samarbeidsavtale og vedtekter. Ved å etablere eit ideelt AS vil ein kunne utvikle ein eigen organisasjon, tilsetje ein dagleg leiar og søke om eksterne midlar.

Framlegget til styringsgruppa er at Idrettsklynge Vest AS skal organiserast som eit ideelt aksjeselskap. Det skal altså ikkje delast ut utbytte frå selskapet. Dei av dei åtte samarbeidspartane som ikkje vert med som aksjonærar i selskapet, skal ha tilknytning til selskapet gjennom å inngå samarbeidsavtalen (vedlegg). Aksjonærane skal også vere partar i samarbeidsavtalen.

Selskapet skal ha eit Årsmøte, der både aksjonærane og samarbeidspartane, dvs. dei partane som ikkje er aksjonærar i selskapet, er representert med éin representant. Fylkesordføraren er i utgangspunktet fylkeskommunen sin representant, jf. reglementet for fylkesutvalet pkt. 2.1.5.

Ved å inngå samarbeidsavtalen bind aksjonærane seg avtalerettsleg til å røyste på den etterfølgande generalforsamlinga i tråd med det årsmøtet har fastset i forkant, jf. samarbeidsavtalen pkt. 3 siste avsnitt. Årsmøtet vert såleis reelt selskapet sitt øvste organ. Kvar av partane har éi røyst på årsmøtet.

Selskapet sitt styre skal erstatte styringsgruppa. Kvar part i samarbeidet, dvs. også dei som ikkje er aksjonærar, har rett, men ikkje plikt, til å utpeike éin styremedlem kvar, jf. samarbeidsavtalen pkt. 4. Fylkesrådmannen viser til ei eiga sak om fylkeskommunen sin representant i styret. Samarbeidet skal også ha ei arbeidsgruppe med åtte medlemer, jf. pkt. 6. Kvar part har plikt til å velje éin representant til arbeidsgruppa. Også når det gjeld fylkeskommunen sin representant i arbeidsgruppa, viser til fylkesrådmannen til ei eiga sak.

Det er fastsett i pkt. 12 i samarbeidsavtalen at i ein periode på fire år etter avtaleinngåinga, kan aksjonærane ikkje avhende aksjane sine. I same periode er aksjonærane og samarbeidspartane forplikta til å vere avtalepartar, jf. pkt. 13.

Selskapet må etter aksjelova ha vedtekter. Styringsgruppa har lagt opp til korte vedtekter (vedlegg), då føresetnaden er at det meste vert regulert av samarbeidsavtalen. Aksjekapitalen i selskapet er føreslege til å utgjere minimumsbeløpet på 30 000 kr.

Som eige rettssubjekt gjennom å vere eit AS, vil nokre av aktørane vere med som aksjonær i selskapet, medan andre aktørar berre vil vere knytt til selskapet gjennom samarbeidsavtalen. Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen og Olympiatoppen Vest har valt å ikkje gå inn som aksjonærar, men er med i samarbeidet gjennom inngått samarbeidsavtale.

Finansiering

Aksjekapitalen på kr 30.000 vil fordelast på aksjonærane. Det skal sikrast ei grunnfinansiering som skal dekke lønn til dagleg leiar, driftskostnader og prosjektmidlar. Selskapet skal sikrast ei grunnfinansiering som skal dekke lønn til dagleg leiar, driftskostnader og prosjektmidlar. Med overgang til ideelt AS vil alle aktørane forplikte seg til å bidra med ressursar inn i arbeidet. Styringsgruppa legg opp til at selskapet skal bli sjølvfinansierande (jf punkt 8 i avtalen som er lagt ved saka).

Vedlegg 2 til samarbeidsavtalen viser finansieringsmodell for 2021 og kva midlar som blir stilt til rådø i 2021. Intensjonen er at partane skal bidra i åra etter 2021 med beløp i om lag tilsvarande storleik.

Samarbeidsavtale

Det er på bakgrunn av dette, laga eit forslag til ny samarbeidsavtale som vart vedtatt i styringsgruppa 30.10.2020. Alle aktørane skal handsame styringsdokumenta i sine beslutningsorgan og på basis av det, ev. underteikne avtalen 15.01.2021.

Vedtakskompetanse

Ved å godkjenne samarbeidsavtalen, forpliktar fylkeskommunen seg til å yte tilskot til selskapet i 2021. Intensjonen er at fylkeskommunen også må bidra økonomisk i dei påfølgande åra. Saka har difor prinsipiell rekkjevidde for fylkeskommunen og må såleis avgjerast av fylkestinget, jf. reglementet for fylkesutvalet, pkt. 2.1.7

For vedtakspunkt 6 og 7 gjer fylkestinget val etter innstilling frå valnemnda, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6 og reglement for valnemnda punkt 2.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Fylkesrådmannen føreslår kr 800 000 i budsjettet for 2021 over post 460.104. Viser elles til vedlagt finansieringsnøkkel for Idrettsklynge Vest for 2021.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Idrettsklynge Vest skal styrke samhandlinga kring arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Vestland gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling og -formidling.

Regional planstrategi: Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Konklusjon

Idrettscampus Bergen kan vise til mange gode resultat gjennom samarbeidet. Visjonen er styrke i samspel, og dei åtte aktørane har alle merka at vegen blir kortare og ressursane sterkare gjennom dette samarbeidet. Etablering av møteplassar og nettverk har auka tverrfagleg samarbeid og søkelyset på fagfelta. Det har også styrka kompetansen på- og formidling av dei ulike fagområda.

Fylkesrådmannen rår til at Fylkestinget stiller seg bak vidareføringa av Idrettscampus Bergen, som Idrettssklynge Vest AS. Styringsgruppa og arbeidsgruppa i Idrettscampus Bergen har gjort eit grundig arbeid for å sikre alle aktørane sine interesser og ei berekraftig organisering som kan gjennomførast for alle dei åtte aktørane.